

Båthamna treng syklar. Saknar nokon denne?

22.07.2015



Saknar nokon denne sykkelen, må dei vera rask og henta den.

Det vert arbeidd med å få til ei sykkelordning for gjester i båthamna. Derfor er dei interessert i å koma i kontakt med personar som har syklar til overs. Dei er også interessert i å vita om nokon eig sykkelen på biletet då den har stått henslengt i vegkanten i månadsvis.

Sykkelen på biletet har lenge stått i vegkanten ved løa(Gubben si løa) til Kjærland Samdrift på Feet. Kåre Myklebust fann den liggjande nede på bakkane for mange månader sidan og sette den godt synleg i vegkanten i håp om at eigaren skulle henta den. Den står der framleis, og dersom den ikkje vert henta dei nærmaste dagane, vil dei som reparerer og klargjer syklar til båthamna overta den.

I tillegg vert alle som har syklar som dei kan avsjå, bedne om å ta kontakt med Janne G. Hjønnnevåg, mobil 977 08 567. Syklane dei får inn skal fiksast og utstyrast med Festidalen-reklame. Deretter skal båthamnsgjester få glede av dei.

Festidalen-syklar for tilreisande er eit framifrå tiltak som fortener støtte!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Janne G. Hjønnnevåg